

## ■ Mormor sat og gjorde handarbeid. Eg gjorde som henne

KARIN STANG

● Sjølv hugsar ho at ho kjøpte 20 meter poplin-stoff og sydde kjeledressar til ungane.

- Då var det økonomi i å vere heime. Kva kan ein ungdom i dag? Snikre, måle - sette potet? Det er til ettertanke. For skulle ein kunne sy og strikke. Om me ikkje har slik verdiskaping i Europa, kven sit så med kompetansen. Kina?

### Mange knutar

- No knyter eg eit enormt teppe. Eg er så dum innimellom. Eg har rekna ut at det er om lag 21.000 knutar, fortel ho lattermild. Tenkjer ikkje så mykje på korleis ho skal utføre arbeidet når ho designar. Jobben kjem etterpå.

I vinter hadde ho og nokre andre kunstnarar utstilling i Gol. Den var kom ut av eit puteprosjekt basert på kvalitetststoff dei hadde liggjande.

- Sjå her. Arvegodset vart til keiserrinnens nye klede. Ein gammal pyjamas vart klapt i - og vips vart det ein bh. Me lo oss nesten i hel, seier Karin og ler litt til av puta ho held i været. Nesten alle putene på utstillinga vart selde.

- Men denne turte ingen kjøpe, smiler ho lurt. Putene har band frå 20-talet, broderi frå kring 1900 og litt stoff frå ei kjole til mora til Karin. Rundt om i vevstova ligg prosjekt, skisser og ferdige arbeid.

- Eg har nok vorte eit vanemenske. Knyter eller vever teppe frå halv ni om morgonen, fortel ho og syner fram fleire flotte teppe.

- Dette kallar eg fosforhusa. Litt politisk kanskje. Nei da. Jau då, svarar ho seg sjølv. Lavendelhuset kallast eit anna teppe.

- Og så dette då. Eit teppe til golvet, med snubleblomar, smiler ho. Humor må det vere.

- Eg har jo hatt ein idé om å fornye åkledet då, fortel ho litt meir alvorleg og legg flotte veggeteppa oppå kvarandre. Mange kjenner nok att arbeida hennar.

- No drog eg inn magen altså, ler Karin til fotografen som knipsar. Legg til at i dag gjer ho helst berre det som gleder ho sjølv. Står ute under nordlyset og stjernehimmelen om ho vil.

- Ein vinter stod eg ute ein hell vinster og knipsa solnedgangen til eit prosjekt. Planla ein frise. Eg vant ganske forbanna då og framkalla biletia og oppdagda at kameraet ikkje var godt nok, fortel ho. Men sinnet si ikkje så lenge i. Ho er vorte gamal nok til å ikkje kaste bort tida på det. No nyt ho tida.

- Eg trivst i eige selskap. Heldigvis,

Andre sladrar om naboen - eg sladrar om dyra, ler ho.

### Glad for arbeidet

Sjølv om ho har runda 70 år er ho glad for å ha et arbeid å gå til.

- Eg kjenner at eg framleis har noko å gi, smiler ho. På kjøkkenbordet ligg kryssord og roypakke. Til pausar mellom arbeidsoktene. Ho bakar brød og lager linselapskaus.

- Sidan eg royer må eg vere sunn på andre måtar. Eg heldt opp med å roye i 11 år. Men vart så tjukk, flirer ho. I dagens Norge trur Karin det er vanskeleg å livnære seg av tekstilarbeid og tekstilkunst. Det er kanskje nokre få bunadtilvirkarar som klarar seg.

Sjølv har Karin designa, vove og sett mange teppe. Mange av dei som er gitt vidare som gaver, mellom anna til opning av nye offentlege bygg. Ho har levert teppe til både Pers Hotell og Oset høyfjellshotell. Hennar arbeid heng i formannskapssalar, kommunestyresalar og på skular. Ho designa til OL på Lillehammer og strikka kåper til jubileet på Maihaugen.

- Min største jobb er teppet som heng i kopien av Gol stavkyrkje. Det er over fem meter breitt og 3,6 meter høgt, fortel ho.

Karin syner fram ei flott kåpe i sterke fargar. For fargesterk er ho. Kunstnarar som sørger for fargar til fells.

- Eg er ikkje så god på jordfarger. Men sterke fargar som eigentleg er «stygge» mot kvarandre likar eg godt, seier Karin som er nøy med kantane sine.

- Eg likar ikkje frynser. Dei blir berre grå og stygge. Og så forar eg toppa. Gidd ikkje feste alle trådane bak. Det er ikkje reglar no, slik som før. Då var det katastrofe om ein måtte kaste ti centimeter. Dei dagane er gudskjelov over, seier ho og ler litt. Mumlar noko om tekstilar, rare damer og fordommars.

Ho påpeiker at veving ikkje er nokon hobby for henne. Det er arbeid. Design, skisser og utføring. Og alt imellom.

- Og det er mykje som skjer i veven medan ein arbeider. Det er også fint. Kanskje eg har vove ein kilometer til saman? Eg tenkjer ofte det, seier ho med snert i stemma og kastar spørsmålet ut i rommet.

**FARGERIK:**  
Tekstilkunstnar Karin Stang  
har både fargar og humor.



ARBEID AV KARIN STANG, TEKSTILKUNSTNAR, NES. PRIVATTE BILETE, UTLÅNT.

